



Fred og Wilma frå Bergen!

Uskedalen har i dag hatt et eksklusivt besøk - av ingen ringare enn teikneseriefiguren Flintstone med frue. det var ein fredssamarleg visitt i sommarvarmen ved Sandakaien og korkje ho eller han laga noko bråk av noko slag. Dei køyrde heller ikkje steinbil, men nytta ein farkost som dei kalla trawlar. Han er laga i Taiwan utanfor Kina og er ein 1978-modell. Det er ein sjøsterk båt som har vore overalt i Skandinavia, Den har sin faste base i Bergen og Os.

Fred og Wilma heiter egentleg Jan Erik Birkeland og Gerd Sissel Hagen og no bur dei i Bergen medan adressen før var Os. Grunnen til at båten heiter Flintstone er at det var namnet i dens tidlegare liv då den var ein betongbåt. Det var enkelt å skifta namnet og ekteparet har heller ikkje noko imot å bli kalla Fred og Wilma. Uskedalen er eit naturleg feriemål for dei, ikkje minst fordi dei trivs her som syklistar.

TEKST, FOTO OG NETT: Ola Matti Mathisen

